



Havkar Drift AS

Sakshandsamar::

Einar Nesse Johnsen

Rapport frå tilsyn ved lokalitet 39567 Skipperdalsneset Kontrollnummer: 2020.405.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Johannes N. Møgster, Bjørn Grønevik og
Thomas Leirgulen

Frå Fylkesmannen i Vestland:

Einar Nesse Johnsen og Gunn Helen Henne

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved akvakulturlokaliteten Skipperdalsneset den 05.11.2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekka 1 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:

- Risikovurderinga har manglar

Merknad:

- Internkontrollen har forbedringspunkt

Avvik er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Einar Nesse Johnsen
rådgjevar

elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Kopi til:

Bremanger kommune, Austevoll Melaks AS, Langøylaks AS og Troland Lakseoppdrett AS

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Havkar Drift AS	
Organisasjonsnr.: 922 846 421	Eigd av:
Bransjenr. (NACE-kode): 68.320 - Eigendomsforvaltning	

Kontrollert eining

Namn: Lokalitet 39657 Skipperdalsneset	Anleggsnr.: 4648.0096.01
Kommune: Bremanger	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Laksefiskproduksjon i sjø	
Løyve gitt: 26.04.2019	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrollova, vert overhaldne. Tilsynet er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikaliar
- Miljøgranskningar

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Havkar Drift AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Havkar Drift AS innan **20.01.2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Einar Nesse Johnsen.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 07.09.2020. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Havkar Drift AS betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Risikovurderinga har manglar

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd, vilkår 6

Utsleppsløyve for Skipperdalsneset punkt 2.6 - Internkontroll

Kommentar til regelverket:

Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd, punkt 6 set krav om at verksemda skal kartleggje farar og problem og på bakgrunn av dette vurdere risiko, og utarbeide planar og tiltak som trengst for å redusere risikotilhøva.

Verksemda skal ha god oversikt over alle aktivitetar, inkludert dei som vert utført av eksterne, som kan medføre forureining på lokalitetane eller landbasen, og kunne gjere greie for risikoforhold. Ved ny kunnskap, endringar i drifta eller produksjonsutstyr m.m., forventast det at miljørisikovurderingane vert oppdaterte. I Havforskningsinstituttet sine risikorapportar frå 2018 og 2019 er det t.d. informert om «nye» utfordringar knytt til utslepp. Faktaarket M-735 frå Miljødirektoratet utdypar forureiningsmyndigheitene sine forventningar til risikovurdering av akvakulturverksemd.

Avviket er basert på følgande observasjonar:

- Risikovurderinga omfattar ikkje alle potensielle kjelder til forureining. Lokaliteten har ikkje risikovurdert utslepp av prioriterte miljøgifter. Verksemda har vilkår i løyvet som regulerer utslepp av prioriterte miljøgifter, som til dømes kadmium, kvikksølv mfl. Miljøgifter frå blant anna fiskefôr kan oppkonsentrere seg i miljøet under og rundt anlegget. Fylkesmannen ventar at ny kunnskap som vert gjort offentleg tilgjengeleg for næringa, vert fanga opp av den enkelte verksemd, og teken med i arbeidet for å ikkje forureine det ytre miljø.
- Nivåa av gradering av konsekvens og sannsyn i risikomatrisa for ytre miljø er ikkje forklart eller beskrive. Gradering av nivå frå 1-4 er gjennomført, men risikomatrisa forklarar ikkje kva som skil dei forskjellige nivåa frå 1-4. Dersom internkontrollen vert endra på dette punktet, må det også bli sett klårare kriteria for korleis ein skil mellom dei ulike nivåa av konsekvens og sannsyn. Ulik personleg tolking kan gje ulikt resultat i vurderinga av risikoen for den enkelte hendinga/arbeidsoperasjonen som vert vurdert, og at nødvendige risikoreduserande tiltak ikkje vert iverksett.

7. Merknader

Merknad 1

Internkontrollen har forbedringspunkt

Kommentar:

Verksemda avviksbehandlar ikkje naboklager

- Verksemda har motteke fleire klager frå fastbuande nabo i området. Klagane omhandlar i hovudsak støy, men også avfall i strandsona og lysforureining. Verksemda har gjort tiltak og situasjonen har forbetra seg. Verksemda har innført rutine for forhandsvarsling av støyande aktivitet. Varsla blir loggført. Verksemda må likevel dokumentere individuelle naboklager i avvikssystemet og følgje dei opp på normalt vis som speglar rutinane sett i internkontrollen. Finnes det ikkje rutinar for avviksbehandling av naboklager må det opprettast.

Manglande avviksoversikt

- Verksemda nyttar avvikssystem i internkontrollplattforma InControl. Under inspeksjonen viste det seg vanskeleg å søke opp systematisk oppsummering av avvik (alle typar) over ein gitt tidsperiode. Fylkesmannen fekk inntrykk av at ein god søkefunksjon manglar, og ein må bla seg gjennom heile lista for å finne fram til for eksempel avvik som høyrer til ytre miljø. Verksemda bør gjere seg kjend med funksjonane i internkontrollsystemet og etterspørje manglande funksjonar frå leverandør.

8. Andre tilhøve

- Havkar Drift AS driv lokalitetane Skipperdalsneset og Husevågøy. Konesjonane er eigd av Austevoll Melaks AS, Langøylaks AS og Troland Lakseoppdrett AS.
- Medlem av Salmon Group og nyttar internkontrollsystem som er bygd på plattformen InControl.
- Nyttar ikkje impregnering som inneheld kopar på oppdrettsnøtene.
- Verksemda seier dei snart skal montere landstraum på Skipperdalsneset. Dette vil forbetre støvsituasjonen og redusere forbruk av diesel.
- Har skjerpa støykrav i utsleppsløyvet på grunn av kort avstand til naboar.
- Verksemda signaliserer på tilsynet eit ønske om endring av vilkårsteksten i løyvet mht. til støy. Ein eventuell søknad om dette vil bli handtert i eiga sak, utanom tilsynsoppfølginga.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve etter forureiningslova for matfiskproduksjon på lokaliteten Skipperdalsneset

10. Informasjon til verksemda

Brosjyrar/infoark som vart sendt via e-post:

- Forurensningsmyndighetenes forventninger til oppdrettsanlegg i sjø (M-735)
- Gebyr ved kontroll (M-297)